

# FAKTAARK

## Fredingsgjennomgangen i Oppland

**I 2006 starta Riksantikvaren det landsdekkjande prosjektet Fredingsgjennomgangen. Ved slutføringa av prosjektet i 2014 skal kvart fylke ha gjennomgått alle fredingsvedtak som er gjort i perioden 1923-1979 og ha presisert omfanget av, formålet med og innhaldet i fredingane.**

Fredingsgjennomgangen i Oppland omfattar om lag 450 bygningar fordelte på 106 anlegg. Totalt omfattar prosjektet på landsbasis rundt 1900 bygningar fordelte på om lag 920 anlegg.

### INNLANDSFYLKET OPPLAND

Oppland er eit typisk innlandsfylke, og er utanom Hedmark det einaste fylket i landet som ikkje har kystline. Ein stor del av fylket er fjell. Bygdene i Gudbrandsdalen er omgitt av høge fjell og Valdres grenser inn mot Jotunheimen i vest. Kommunane lengre sør i Vest-Oppland er derimot relativt flate jordbruksbygder, særleg på Toten og Hadeland. Innsjøane Mjøsa og Randsfjorden er viktige element i landskapet her.

### BYGGJESKIKKEN

Historisk er fylket prega av at nokre av dei viktigaste gjennomfartsårene i landet gjekk gjennom Oppland. Dette gjeld den

Bergenske hovudveg over Hadeland, ferdselsåra frå Christiania til Trondheim gjennom Gudbrandsdalen og over Dovrefjell, og vegen til Vestlandet gjennom Valdres. Ferdselen førte med seg mange impulsar som synest i byggjeskikken. Samstundes har det i enkelte meir avstengde område, som til dømes i sidedalane til Gudbrandsdalen, blitt bevart meir arkaiske former for byggjeskikk.

### Tunform

Mange tun i Oppland kan gå attende til mellomalderen. Når gardstunet skulle plasserast i landskapet, var det fleire ting å ta omsyn til. I dei øvre fjellbygdene der dalen er trong og klimaet hardt, måtte ein leggja garden der det er mest sol, som oftast på austsida av dalen der sola tok best. Der dalen er breiare finst gamle gardar på både sider av dalen. Det var først med det veksande husmannsvesenet frå sist på 1700-talet at bustadene vart pressa opp mot fjellbandet og til andre område med ugunstig klima.

Klima og landskap kunne vere med på å bestemme korleis tunet vart bygd og korleis husa vart plassert i høve til einannan. I bratt lende kunne husa i tunet bli bygd i ei rekkje. Men vanligare var det meir eller mindre slutta firkanttunet. Ei vidare utvikling

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og er fagleg rådgjevar for Miljøverndepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har og ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført og har i denne samanheng eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget har med kulturminne, kulturmiljø og landskap.



**OPPLAND**  
fylkeskommune



*Budsjord i Dovre er eit døme på ein gard med tradisjonell to-tuns løysing i Nord-Gudbrandsdalen. Kårstua og gjestetua vart freda i 1923 og dei andre 14 bygningane vart freda i 1974.*



av firkanttunet var at det oftast vart delt i to slik at innhusa var samla kring inntunet eller tomgarden, og uthusa kring uttunet eller nautgarden. Innhusa var våningshus, stabbur, loft og buer, mens uthusa var fjøs og låvar. Huset som ofte skilte mellom uttun og inntun, var stallen. Hus som var spesielt brannfarlege, som eldhus, tørrstugu/kjone og smie, plasserte ein eit stykke frå resten av tunet. Det same gjaldt ofte burene der det livsviktige kornet var lagra. Skikken med å byggje eit hus til kvar funksjon førte til at det kunne bli mange hus på ein gard. Størst var nok talet på hus på 1700-talet. Det finst døme frå rundt 1740 på at det kunne vere over 30 bygningar i tunet på gardar i Gudbrandsdalen.

#### *Husmannsvesenet*

Jordbruket har lenge vore den viktigaste næringa i fylket, og bøndene her vart tidleg sjøleigande. Frå slutten av 1700-talet vaks husmannsvesenet fram. Dette var svært utbredt i Gudbrandsdalen der dei fleste sjølvstendige gardane på 1800-talet hadde ein eller fleire husmannsplassar. Det finst døme på storgardar som hadde opp mot 30 husmannsplassar. Systemet med husmannsplassar var mest utbredt midt på 1800-talet, og vart avvikla rundt 1900.

#### *Bustadhuset*

Heilt attende til 11-1200-talet har tømmerarkitekturen vore dominerande i Oppland, med gardstun med lafta hus der lengda på tømmerstokken var avgjerande for dimensjonane og proporsjonane på huset. Så lenge åren eller røykammen var varmekjelde, hadde dei fleste husa berre ei høgde med unntak av loftet som ofte var stasuset i tunet. Då peisen og pipa kom rundt 1700, kunne det òg byggjast bustadhus i to høgder.

Grunnplanen i bustadhuset før peisen vart innført, var det som er kalla treromsplan med inngang gjennom ei forstove. Med innføringa av peisen vart den akershusiske grunnplanen tatt i bruk. Her er inngangen flytt slik at ein kjem direkte inn i det store rommet, stova, ofte gjennom ein

påbygd svalgang. I hus med to høgder er trappa til andre høgda i svalgangen. Den akershusiske grunnplanen var dominerande i heile fylket fram til rundt 1850, og var nesten einerådande i Valdres og Gudbrandsdalen. Frå 1700-talet vart òg ein annan grunnplan teken i bruk, det som er kalla midtgangshuset, med ein gang midt gjennom huset med inngang til romma på både sider, og med trapp til andre høgda frå midtgangen. Midtgangshuset er vanlegare på flatbygdene Toten og Hadeland enn elles i fylket.

Ein spesiell bygningstype kalla ramloftstove er kjent frå 1700-talet. Dette er eit hus der hovuddelen er bygd i ei høgde, men med eit påbygd rom som andre høgde på eine enden av huset og som er røsta på tvers av hovuddelen. I Oppland er ramloftstovene berre kjent frå Gudbrandsdalen, og dei einaste to bevarte døma står no på Maihaugen.

#### **KVA VART FREDA OG KVIFOR?**

Dei tidlegaste fredingane i Oppland er frå 1923-24. Dei vart vedteke av Kyrkje- og Undervisningsdepartementet etter framlegg frå Den antikvariske bygningsnemnd. Dei såkalla "innberetningene" om bygningane er trykte i årboka til Fortidsminneforeningen frå 1924.

Ein av dei fyrste som interesserte seg for byggjeskikken i Gudbrandsdalen, var samfunns- og kulturforskaren Eilert Sundt. Gjennom eit samarbeid med Fortidsminneforeningen i 1850-åra fekk han målt opp fleire bygningar i Nord-Gudbrandsdalen. Antikvarane i Fortidsminneforeningen tok òg tidleg til å interessere seg for den gamle arkitekturen og byggjeskikken i Gudbrandsdalen. Nicolay Nicolaysen reiste mykje i dalen i 1860-åra og skreiv om, målte opp og fotograferte gamle hus. Også tidleg på 1900-talet skjedde det ein omfattande oppmåling og dokumentering av bygningskulturen i dalen gjennom det arbeidet som vart leda av Herman Major Schirmer og Johan Meyer.

*Hovudbygningar og stovebygningar*  
Om lag ein tredjedel av det som

Då Lov um bygningsfreding trådte i kraft i 1921 vart Den antikvariske bygningsnemnd oppnemnd av Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Det var lovfesta at nemnda skulle bestå av fem menn, der riksantikvaren var ein. Av dei andre medlemene skulle ein vere arkitekt, ein jurist og ein bygningskyndig. Nemnda besto inntil bygningsfredingslova vart erstatta av kulturminnelova i 1978.

vart freda er freding av ein einskildebygning; hovudbygning eller stovebygning. Desse enkeltfredingane finst i heile fylket. *Østre Balke* og *Vestre Balke* på Toten er begge døme på hovudbygningar som er lafta og rappa. Rapping er leire, ofte iblanda halm som er påført tømmer for å gi ein lafta bygning eit ønska murpreg. Dette er ein overflatehandsaming ein gjerne finn i Totendistriktet.

Fleire av hovudbygningane vart freda på grunn av den rike dekoren i interiøret utført av kunstnaren Peder Balke, som var ein av dei verkeleg store dekormålarane som virka i Oppland. Balke vart født på ein husmannsplass på Helgøya i Ringsaker. I samband med restaureringa av Balke kyrkje fekk han tilhald på Vestre Balke og tok òg Balke som slektsnamn. Peder Balke fekk økonomisk stønad av bøndene på Toten til å skaffe seg ei kunstutdanning, og i 1833 vendte han tilbake til Toten der han dekorerte mange av gardane i distriktet, mellom anna *Balkegardane* og *Rognstad*. Balke er i dag anerkjent som ein av dei beste landskapsmålarane i Noreg på 1800-talet.

Eit anna døme på freda hovudbygningar er *Igelsrud* i Jevnaker på Hadeland, ein stor og velforma hovudbygning frå slutten av 1700-tallet. *Lysgård* på Lillehammer er eit viktig døme på ein hovudbygning på ein storgard i Sør-Gudbrandsdalen. Nord i fylket, i Dovre finn vi *Korsvoll øvre*, ein stovebygning frå 1600- og 1700-talet.

#### *Svalgangsbygningen og midtkammerbygningen*

Ein rekkje svalgangsbygningar vart freda i Oppland. Desse er oppført på 1700- og 1800-talet, hovudsakleg



i klassisistisk stil. Døme på svalgangsbygningar som vart freda i 1923 og 1924 finn vi spreidd i heile fylket, mellom anna *Erstad* i Sør-Aurdal i Valdres, *Madsstuen* i Nordre Land, *Ånnerud* i Vestre Toten, *Megarden* i Nord-Fron, *Helle* i Vågå og *Steinsgard* i Skjåk. Blant dei tidlege fredingane finst fleire midtgangsbygningar. *Skjellerud* i Lillehammer er oppført i 1790 i klassisistisk stil. *Uleberg* i Vågå er oppført i 1750 i ein kombinasjon av tradisjonell byggeskikk frå Nord-Gudbrandsdalen og ein meir bymessig, klassisistisk stil.

#### *Sjefsgardardane*

Hovudbygningar på embedsmannsbustader vart òg freda. Tre av desse er hovudbygningar på sjefsgardar; *Bauker* i Gausdal, *Dallerud*, på Lillehammer, og *Graffer* i Sør-Fron, alle freda i 1923. *Bauker* var sjefsgard og bustad for kompanisjefen i "Gausdalske Compagnie". *Dallerud* var sjefsgard for «Faabergske kompani» og på *Graffer* budde sjefen for «Froenske kompani».

#### *Gardstun*

Ikkje noko anna område i Noreg har så mange freda hus som Gudbrandsdalen. Oppland skil seg ut frå dei andre fylka i landet ved at det vart freda mange heilskaplege tun i nordfylket som døme på bondemiljøet sin byggeskikk. Eit 30-tals anlegg vart freda, hovudsakleg i Sel, Vågå, Lom, Skjåk og Dovre.

*Bjølstad* i Sel er eit svært godt bevart gardsanlegg som har vore viktig i skapinga av den nasjonale, norske identiteten etter 1905. Tunet var blant dei første gardstuna i Gudbrandsdalen som vart målt opp av antikvarar, og har blitt ståande som eit av dei meist klassiske døma på norsk bondearkitektur. På *Romungard* i Sel vart anlegget freda i 1923 og er eit døme på gardsanlegg som har røter tilbake til mellomalderen. Garden var eigd av erkebiskopen fram til reformasjonen og var deretter krongods, seld til sjøleige i ca. 1720. Garden har vore gjestgjevarstad og postgard, men mest kjent er historia om Sinclair og skottetoget. Etter

tradisjonen skal den skotske offiseren Sinclair ha sove her siste natta før slaget ved Kringen i 1612.

Ein annan gard med ei riktig lang historie er *Tofte* i Dovre. Som ikon for den norske bondeadelen er *Tofte* eit gardsanlegg som har vore viktig i skapinga av den nasjonale, norske identiteten etter 1905. Garden har òg tidlegare hatt betyding i rikshistoria, og har vore omtalt som kongsgard for Harald Hårfagre og var krongods i mellomalderen. På 1600-talet var garden eigd av den dansk-norske adelsmannen og statthaldaren Ulrik Fredrik Gyldenløve, og i 1688 vart *Tofte* odelsgard. Her har det òg vore vertshus og skysstasjon, og før det vart etablert skysstasjon på Dombås i 1850-åra, var *Tofte* siste skysskifte før Dovrefjell.

Eit døme på ein gard med tradisjonell totunsplan finn vi på *Sandbu nigard* i Vågå. Her vart 17 hus freda i 1923. Anlegget som har tomgard og nautgard, er eit av dei best bevarte tuna frå 1700-talet i Gudbrandsdalen.

*Hovda* i Sel er eit av dei aller største anlegga som vart freda. Her vart stovebygningen freda i 1924 og resten av anlegget freda i 1978. Som eit einskild gardsanlegg med sine 22 bygningar, er *Hovda* den garden i Noreg som har flest freda hus.

#### *Husmannsplassar*

I alt fem husmannsplassar vart freda mellom 1923 og 1978. Tre av desse, *Nordre Brubakken*, *Søre Brubakken* og *Søre Bruløkken* i Sel, vart alle freda i 1941. *Nordre Brubakken* var opphavleg husmannsplass under storgarden *Bjølstad*, som på det meste hadde over 30 husmannsplassar. *Søre Brubakken* var opphavleg ein husmannsplass under *Prestgard* og kom under *Nordre Prestgard* då garden vart delt. På båe *Brubakken*-plassane vart stovebygning og stabbur freda. På *søre Bruløkken*, som opphavleg var husmannsplass under *Nordre Harildstad*, vart stovebygningen freda.

På *Søre Nesset* i Vågå vart 9 bygningar freda i 1968. *Søre Nesset*,



Hovudbygningen på Aulestad i Gausdal vart freda i 1923. Hovudbygningen er ein midtgangsbygning og var bustad for Bjørnstjerne Bjørnson og familien.



Stovebygningen frå Kvalbyhaugen er eit døme på ein svalgangsbygning frå Land, bygget i 1740.



Eldhuset på Snerle i Vågå er ein av 20 bygningar som vart freda i 1923.



Storstaburet på Lom gamle prestegard er bygd i 1613 i tre høgder. Stabburet var tiendestabbur og skal i følgje innberetninga vere landets største.



Kirkevangen, hestestallene bygget i 1858 ligger ved Ås kirke på Bøverbru i Vestre Toten. Stallane vart freda i 1939 og er svært sjeldan då det finst få slike stallanlegg igjen i Noreg.



eller Simonsneset, var opphavleg ein plass under ein av Storvik-gardene. *Toftemo* på Dovre står i ein særstilling med sine 12 bygningar som vart freda i 1974.

Toftemo er eit døme på ein husmannsplass i Gudbrandsdalen frå sist på 1700-talet eller tidleg på 1800-talet og var plass under Tofte gard. Forholdet mellom storgard og husmannsplass er særleg tydeleg, noko ein ikkje har mange døme på i Noreg.

*Gjestgjevarstader og skysstasjonar*  
Med fleire hovudfartsårer gjennom fylket var det òg mange stader som verka som gjestgjevarstader. På *Røisheim* i Lom vart anlegget med heile 11 bygningar freda i 1923. Røisheim var skysstasjon frå 1858 og vart eit sentralt utgangspunkt for den tidlege fjellturismen i Jotunheimen. På *Granavollen søndre* i Gran vart hovudbygningen og Gregerstuen freda i 1923. Gregers

Granavolden tok over staden i 1702 og fekk "Kongelig Privilegium" til å drive gjestgjevarstad i 1716 for sin innsats i Den store nordiske krig.

*Andre einskildbygningar*  
I Oppland finn vi fleire døme på fredingar av einskildbygningar som bur og loft. *Storstaburet* frå Lom prestegard som no står på Lom bygdamuseum er bygd i 1613 som eit tiendestabbur. Bygningen vart freda som eit døme på eit stabbur av uvanlege dimensjonar og utforming. På *Skjæsar* i Lom er loftet freda som eit døme på eit langloft med dekorert sval frå rundt 1800 i Nord-Gudbrandsdalen.

Nokre få bygningar freda før 1979 er knytte til industri. Hovudbygningen på *Lesja Verk* i Lesja vart, i tillegg til sine kulturhistoriske og arkitektoniske verdiar, freda i 1923 som eit døme på eit sete for leiinga av eit jernverk. *Kauffeldtgården* på Gjøvik vart freda i 1966 som ein

bygning knytt til tidleg industri-verknad, med ein byggestil prega av tyske innvandrarar.

Eit noko særeige og sjeldsynt kulturminne er *Reiret* i Sel, freda i 1978. Heimefronthytta vart bygd som hytte eller så kalla "kåk" for distriktsstaben i Milorg, og var hovudkvarter for Heimestyrke-distrikt 23 og sendested for samband med England i 1944. Reiret var den fyrste «kåken» som vart bygd og vart aldri oppdaga av tyskarane.

## ERFARINGANE FRÅ FREDINGSGJENNOMGANGEN

I arbeidet med fredingsgjennomgangen har Oppland fylkeskommune vore på synfaringar og gjort registreringar av dei freda husa. Den oppdaterte registreringa og dialogen med eigarane vil vere eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet om dei freda anlegga mellom eigaren, fylkeskommunen og Riksantikvaren.

*Sandbu nigard i Vågå vart freda i 1923. Garden har spelt ei viktig rolle i norsk bygningsvern og arkitekturhistorie som ein av gardane som tidleg vart registrert av antikvarar.*



**Besøksadresse:** Dronningensgate 13, 0152 Oslo,

**Postadresse:** Riksantikvaren, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Postboks 8196 Dep. N-0034 Oslo

Telefon: (+47) 22 94 04 00, Telefaks: (+47) 22 94 04 04, e-post: postmottak@ra.no

Mars 2014